




Ung idealist i travel kvardag

- Intervju med Ann Merete Lindekleiv

Av stipeendiat Tove Giske

Våren 2000 var siste semester for sjukepleiarstudent Ann Merete Lindekleiv på Diakonissehjemmets høgskole. Ann Merete sat som studentrepresentant i KFSS styret frå 1999 – 2001. I eit intervju med Astrid Dalehaug Norheim i dagsavisen Dagen hausten 2000 fortel ho at det har tatt lang tid for ho å samle mot nok og faglege kunnskapar til å snakke med pasientane om eksistensielle spørsmål. Intervjuet vert avslutta med at til sommaren skal ho byrje å jobbe som sjukepleiar på sjukhus og at ho fryktar at den åndelege omsorga vil drukne i mange og livsviktige rutinar.



Gjekk det som du frykta den fyrste tida som sjukepleiar?

Som nyutdanna sjukepleiar hadde eg ein del forventningar til meg sjølv i forhold til å ta med tid til åndeleg omsorg. Det var mykje å henga fingrane i som nyutdanna på ein travel medisinsk sengepost. Dette var eg for så vidt førebudd på, i og med at eg tidlegare hadde vore student ved avdelinga, og vart difor ikkje overraska då eg starta i jobben. Eg hadde ofte meir enn nok med å koma i mål med alle daglege rutinar. Det "usynlege", som ikkje kunne målast i antal ml, mg, eller kryssast av på eit skjema at det var utført, vart ofte nedprioritert. Dette på tross av at eg såg på den åndelege omsorga som like viktig som alt anna. Stor utskifting av personalet gjorde også sitt til at det var vanskeleg å koma "ovenpå."

Helsevesenets velkjende: "dårleg samvit" over alt ein **ikkje fekk gjort**, var ofte til stades. Behovet for at nokon tok seg tid til å lytta og vera tilstades var ofte stort. Mange eldre terminale pasientar låg mykje av den siste tida si aleine. Smerteproblema deira vart

ofte berre løyste ved å gje meir morfin. Eg trur og veit at me ofte kunne ha lindra desse smertene ved å vera tilstades og ha tid til dei. Unge menneske som vart innlagde p.g.a suicidalforsøk, vart liggande på korridoren for å sova ut rusen, og sende ut dagen etter, etter eit kort psykiatrisk tilsyn. Dei vart berre eit nummer i rekkja...

Til tross for dette negative eg til no har skrive, trivdes eg godt både i rolla som sjukepleiar og på avdelinga. Har svært mange gode pasientmøte opplevingar dei tre åra eg jobba ved medisinsk avdeling. Eg har fått møta svært mange flotte menneske. For å overleva fann eg snart ut at dei store vidløftige måla måtte revurderast.

Målsetjinga mi for kvar vakt, vart at eg skulle gjera noko ekstra/ særskilt for **EIN** pasient. Eit mål som var mogeleg å få gjennomført.

Er du fortsatt oppteken av pasienten sine eksistensielle spørsmål? Kva utfordringar står du i idag?

Medlemsmelding nr. 1/2000

praksis. "Det er bare sånn det er" - sier studentene. De blir utsatt for et maktssystem som forirrer: bemanningen er for liten, og de stramme budsjettene ødelegger for omsorgen. De skyver skylden over på seg selv og skammer seg for at de ikke klarer å gi god nok omsorg. Samtidig ser studentene at det er dårlig bemanning og mye sykdom blant de ansatte, så de ønsker å være solidariske med de ansatte som sliter. Dyptvik understreker at ikke alle avdelinger er like. På noen avdelinger er det legitimt å gi åndelig omsorg, avhengig av hvem som leder og er ansatt på avdelingen.

Kampvilje

Hva bør gjøres for å forbedre sykepleierstudentenes situasjon?

Torer å ta tid til åndeleg omsorg

Dei første åra torde ikkje sjukepleiarstudent Ann-Merete Lindekleiv å snakke med pasientene om skuld, skam og Gud. No torer ho.

AV ASTRID DALEHAUG NORHEIM

BERGEN: Som fersk sjukepleiar student i praksis på sjukhus og sjukeheim hadde ho meir enn nok med å få gjort det praktiske. 22-åringen frå Husnes i

Rollermodeller må få muligheten til å innføre åndelig omsorg alle steder. For at det skal være mulig, må politikerne innvilge flere stillinger, slik at det blir frigjort mer tid. En del av studentene fikk kampvilje gjennom praksisen. De ville sørge for å komme ut av utdannelsen med et så godt resultat som mulig, for så å påvirke systemet. Undersøelsen er blitt til etter intervju med seks studenter som gikk siste året i sykepleierutdannelsen. Dyptvik har tidligere gjort en undersøkelse blant sykepleiere på et sykehjem, som Dagen skrev om i fjor høst. Den konkluderte med at både sykepleierne og pasientene blir syke av mangel på åndelig sykepleie. • DAGEN



Kvinneheret leita etter rollermodellar som kunne lære henne korleis ein god

Side 18

Faksimile fra KFSS medlemsmelding nr. 1/2000

Har jobba ved kreftavdelinga i 1 ½ år. Dette er ei litt anna "verd", der me er betre bemanna og måten å jobba på gjer at ein ofte har tid til å prioritera kvar enkelt på ein heilt annan måte enn eg hadde kjensle av tidlegare. Dette til tross for at ein også i denne delen av helsevesenet merkar effektivisering og innsparing.



Det å møta menneske i alle aldrar som lever med ein diagnose der døden er ein mogeleg utgang gjer noko med meg. Det imponerer meg korleis folk klarar å mobilisera styrke og håp til å gjennomgå behandling etter behandling. Eg møter svært mange ressurssterke folk med gode nettverk. Desse er utan tvil dei viktigaste for pasienten.

Eg er fortsatt oppteken av pasienten sine eksistensielle spørsmål, men tykkjer fortsatt at dette er ekstra vanskeleg å ta tak i. Det utfordrar meg meir personleg, slik at eg ikkje kan gøyma meg i praktiske prosedyrar. Ein må ofte lesa mellom linjene for å oppfatta at pasienten tenkjer på slike ting. Det at pasientane ofte er lenge under behandling gjer at ein vert godt kjend med dei, og har gode moglegheiter til å oppretta gode tillitsforhold.

Det er utfordrande å møta menneske som er komne så ulikt i prosessen både i høve til å takle det å ha fått ei kreftdiagnose, og når sjukdomen har komen så langt som at det ikkje er meir me kan gjera for dei for at dei skal verta friske. Eit eksempel er ei dame som hadde kreft med metastaser. Behandlinga var palliativ og ho var plaga av smerter som var vanskeleg å lindra medikamentelt. Pasienten var kristen, men hadde mange og for ho smertefulle spørsmål om sjukdomen var ei straff frå Gud, og om ho ville koma til himmelen. Ho såg ingen grunn til å skulle få meir behandling fordi dette kunne forlenga livet hennar, iallefall i nokre dagar/veker. Eit liv som for ho ikkje var verdt å forlenga meir enn høgst nødvendig. Til tross for at både me i pleiepersonalet, prest og psykolog var kobla inn, var dette ein vanskeleg og nokså fastlåst situasjon. I slike

situasjonar er det lett å kjennar seg hjelpelaus.

Det er godt å merka ein skilnad på denne avdelinga i at det er meir akseptert og på dagsorden i personalgruppa at ein i periodar kan prioritera å ta seg tid når det er naudsynt.

Kva hjelper til å vera dyktig sjukepleiar for dei pas. du møter idag?

Eg trur det er heilt avgjerande for å oppretta eit tillitsforhold til pasienten at ein har den teoretiske og praktiske kunnskapen som grunnlag. Det å vera fagleg dyktig/ å kunne det ein skal, medfører tryggleik for pasienten. Denne tryggleiken kan ein ta med seg for å skape eit tillitsforhold. Eg jobbar difor stadig med dette.

Eg har også trua på **bøn!** Eg prøver å be ei lita bøn kvar morgon om at Gud må bruka meg slik han ynkjer, og la meg vera eit redskap for han. (Tek jo visse sjansar ved å be ei slik bøn. Kan risikera å få ein del utfordringar....)

Gode og rutinerte kollegaer hjelper meg og til å møta vanskelege situasjonar. Det er rom for å ta opp vanskelege ting.

Når du sjølv var student leita du etter gode rollemodellar i sjukepleien, og til sist fant du ei som vart din rollemodell for god sjukepleie. Kva betyr det for deg å vera ein god rollemodell når du no sjølv har studentar?

Det å ha ansvar for studentar kan i periodar kjennast som enno ei ekstra arbeidsoppgåve i ein travel kvardag. Samstundes er det kjekt og utfordrande. Ein må tenkja litt ekstra gjennom kva ein gjer og kvifor ein gjer det når ein har studentar.

Eg har hatt ansvar for ein del studentar, og tykkjer at det er viktig at dei fyrst og fremst kjenner seg trygge både på meg, avdelinga og seg sjølv i si rolle, slik at dei vågar å vera seg sjølv. Dette fører til betre læring. Ein er eit førebilete og rollemodell både praktisk i utføring av prosedyrar og i haldningar og måten ein møter pasientar på. Det er viktig å utfordra studentane på kva dei tenkjer og gje tilbakemelding til dei.

Kva har KFSS hatt å seia for meg?

Eg vart med i KFSS då eg var student. I det høvet vart eg med i ei studiegruppe (som eg fortsatt er med i), der me har teke opp ulike emner innan åndeleg omsorg. Dette har vore ei gruppe der eg har kjend at eg har fått bearbeidd mykje av dei tinga eg har tenkt på og som har vore problematiske. Det å få snakka om ting som ein opplever (både positive og negative ting) er viktig. Det er utruleg godt å møta andre kristne sjukepleiarar som lever i den same kvardagen med dei same utfordringane. Har også hatt godt av å verta utfordra til å våga å vera tydeleg på det eg står for, og samstundes vera audmjuk i høve til dei menneska ein møter.

Det å få vera med på verdskonferansen i Skotland var også ei stor oppleving. Fantastisk å sjå så mange engasjerte og flotte sjukepleiarar frå heile verda som nok hadde fleire og større problem og utfordringar i sin jobb enn eg nokon gong kan drøyma om. Har godt av å få sett ting i litt perspektiv....